




Årsmelding frå elev- og lærlingombodet

For skuleåret 2024-2025

Innhald

Føreord.....	3
Innleiing – året som har gått	4
Rolla til elev- og lærlingombodet – eit lågterskeltilbod.....	7
Mål og prioriterte område for perioden	7
Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 - regional planstrategi – Ombodets arbeid	8
Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar.....	9
Førespurnader - kven kontaktar omboda?	11
Førespurnader som gjeld elevar	12
Retten til å bli høyrd og medverke, samt elevens beste vurderingar	13
Retten til eit trygt og godt skulemiljø	13
Tilpassa opplæring – individuell tilrettelegging	16
Elevar og føresette si rett på informasjon og naudsynt rådgjeving.....	18
Yrkesfagleg fordjuping (YFF) – ulik praksis	19
Gratisprinsippet i skulen.....	19
Førespurnader som gjeld lærlingar.....	20
Ein stor overgang – mykje som skal på plass og lærast	20
Diskriminering og krenkingar	22
Andre førespurnader frå laget rundt elev/læring	23
Elevar og lærlingar med nedsett funksjonsevne.....	24
Gjennomførte skulebesøk	29
Bilete frå ombodet sitt arbeid i 2024/2025	31
Dialog og samarbeid	35
Prioriterte områder komande skuleår.....	36

Føreord

Elev- og lærlingombodet jobbar etter mandat vedtatt i Vestland fylkesting 10.juni 2020. Ombodstenesta er eit lågterskel tilbod som elevar, lærlingar og føresette lett skal kunne kome i kontakt med. Vi har ei rådgjevande og rettleiande rolle, og skal vere ein pådrivar for at elevar og lærlingar får ivaretekne rettane sine hjå skular og opplæringsinstitusjonar.

Nøkkeltal frå Utdanningsdirektoratet syner at vi per 01.10.24 hadde totalt 22 155 elevar i vidaregåande skule og til saman 6 621 lærlingar i Vestland.

Skuler, elevar og lærlingar i Vestland 2024-25			
Talet på skuler: 56	Fylkeskommunale skuler (42)	Private skuler (14)	
Vg 1	8 170	1 176	9346
Vg 2	6 601	920	7521
Vg 3	4 194	1 094	5288
Totalt tal elevar	18 965	3 190	22 155
Totalt tal lærlingar			6 621
Totalt elevar og lærlingar			28 776

I rolla som elev- og lærlingombod bevegar vi oss mellom enkeltmenneske og systemet og ser på korleis gode intensjonar kan sjå ut i praksis. Gjennom å støtte i enkeltsaker ser vi korleis den enkelte blir påverka av systemet, samstundes som vi prøver å sjå korleis desse enkeltsakene kan få konsekvensar for samfunnet på kort og lang sikt.

Vi skal samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring, samt skrive årsmelding om våre erfaringar. På fylkestinget 28.09.22 vart det vedteke at situasjonen til elevar og lærlingar med nedsett funksjonsevne skulle omtalast som eit eige punkt i årsmeldinga. Vi oppmodar om å sjå dette punktet i samanheng med punktet om tilpassa opplæring og tilrettelegging.

Gjennom året har vi møtt mange ungdomar, og nokon av dei har vi hatt kontakt med gjennom fleire år. Vi er takksame for at dei deler sine erfaringar med oss, så vi kan formidle desse vidare med ønskje om å bidra til utvikling. Dei er opptekne av at dei som kjem etter skal oppleve det litt lettare å bli møtt og tatt på alvor med ein gong. På den måten kan ein styrke relasjonar, og elevar, lærlingar og føresette får auka håp og tru på at det kan gå bra.

I Vestland har vi to elev- og lærlingombod. Det er Peder Bugge (Leikanger) og Ann Kristin Solhaug Hauge (Bergen)

Vi vonar at årsmeldinga kan gje eit bilete av våre erfaringar gjennom det siste skuleåret.

Innleiing – året som har gått

Med totalt 28 776 elevar og lærlingar er vi blant dei fylka i landet med flest elevar og lærlingar. Vi erfarer at det vert gjort mykje godt arbeid for elevar og lærlingar i Vestland, og at dei fleste har eit solid lag rundt seg som bidreg til både læring og fullføring. For dei aller fleste går det bra.

Når elev- og lærlingombodet likevel blir kontakta i enkeltsaker, er det som regel fordi dei har ei utfordring eller eit problem dei har behov for å få løyst. I tråd med lovverk, mandat og målsetting har vi rettleia dei som tek kontakt med utgangspunkt i kva dei har fortalt oss om deira behov.

Gjennom skuleåret har vi gitt støtte og rettleiing i 187 enkeltsaker, besøkt elevar og tilsette i skule, delteke på oppstartssamlingar og i andre møte med lærlingar, lærebedrifter og samarbeidsorgan (opplæringskontor). Vi har jobba førebyggjande i krevjande enkeltsaker, kor løysinga ikkje alltid har vore sjølvsgitt. I desse sakene har jobba for å trygga ungdommen, og vi meiner vi har bidrege til fullføring.

Vi har også blitt kontakta av andre, som korkje er elevar, lærlingar eller føresette, men som ønskjer å finne gode løysingar for nokon som tilhøyrar gruppa. I tillegg er vi blitt kontakta av personar som av ulike grunnar står utanfor, eller er bekymra for nokon som står utanfor opplæring eller arbeid. Då har vi rettleia og kopla dei rette instansane for å kome vidare.

I de aller fleste førespurnadene som kjem inn til ombodet ordnar ting seg raskt, men vi møter også dei som har erfart at det er vanskeleg å få løyst saka si, og som opplever det svært krevjande å få tilstrekkeleg informasjon og støtte på vegen mot målet.

I lærlingundersøkinga fortel lærlingane at dei er høgt motiverte, trivast med kollegaer og arbeidsoppgåver, samt at dei opplever å få hjelp og støtte i arbeidet når dei treng det. Det ser ut som dei ikkje har like gode oversikt når det gjeldt kva dei skal kunne til fagprøven og korleis denne skal gjennomførast.

Undersøkinga syner også at det er lærlingar som opplever set mobba av andre kollegaer og/eller leiinga. Vi er uroa for dei lærlingane som svarer at dei ikkje har fortalt det til nokon i bedrifta, og for dei som svarer at dei har fortalt, men at det ikkje er gjort noko for å få slutt på mobbinga.¹ Vår vurdering er at Rettleiingstenesta sine besøk hjå førsteårs lærlingar er viktig for å finne og støtte desse. Det same gjeld for lærlingar som oppgjer at dei blir utsett for uønskt seksuell merksemd. Her har talet stege jamt kvart år sidan 2020, og gjeld fleire jenter enn gutar for Vestland sin del.²

Elevundersøkinga syner at mobbetala for vidaregåande skular ligg ganske stabile (6,2%), og at elevane trivast og opplever støtte frå lærarane sine. Sjølv om vi nasjonalt ligg på gjennomsnittet, kjem det tydeleg til syne at vi har unge menneske som ikkje får oppfylt retten sin til eit trygt og godt læringsmiljø. Konsekvensane fell ofte på elevane og familieane deira. Det er heller ikkje alle desse som har ein støttande familie eller nettverk rundt seg.

¹ [Lærlingundersøkelsen – fylke | udir.no](#)

² [Eit trygt og godt skule- og arbeidsmiljø 2024/25 - Vestland fylkeskommune](#)

På landsbasis blant elevar frå 5-13 klasse, opplyste 39% av dei som vart mobba at ingen på skulen visste det. 21% fortel at skulen visste det, men ikkje gjorde noko.³ Vidaregåande skule har høgare tall. (Kjelde: UiS, Læringsmiljøsenteret ombodssamling januar 2025).

Dette viser eit utfordrande bilde, og sjølv om tala syner landsgjennomsnittet, er det sannsynleg å tenke at Vestland ligg tett på dette. Vi veit at sosial støtte kan gjere ein forskjell for psykisk helse når ein skal handtere vanskelege situasjonar, og vi er difor urolege for dei elevane som bli utsett, som fortel at ingen på skulen veit det. I tillegg veit vi at når nokon blir mobba, kan det skape utrygge klassemiljø for alle, også om ein ikkje sjølv blir mobba eller utestengd.⁴

Forsking syner at når skulen viser at dei prøve å hjelpe, så kan det i seg sjølv gi ein positiv effekt for opplevinga til den som er utsett for mobbing. (Kjelde: Wendelborg, januar 2025)

Gjennom året har vi erfaringar som gjer oss uroa for nokre sårbare grupper. Dei opplever manglande forståing og kunnskap for behova sine når det gjeld tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging. Det gjeld ofte elevar og lærlingar med funksjonsvariasjon, der forhold i miljøet kan bidra til at dei får nedsett funksjonsevne.

Vi har mykje forsking og kunnskap om mobbing og tilpassa opplæring, og det er viktig at vi held fram arbeidet med å sikre erfaringsutveksling mellom forsking og praksisfeltet. Alle dei små og store vala som blir tekne kvar dag i skulen – alle møta mellom tilsette, elevar og føresette – kan vere avgjerande for relasjonane, og for om eleven kjenner seg likeverdig og inkludert i eit trygt og godt skulemiljø.

I samarbeidet med skulane har vi delteke i opplæring av elevråd.

Vi legg til rette for dialog om kor viktig det er å engasjere seg i sitt eige læringsmiljø, og kva moglegheiter som ligg i å kunne medverke til det som skjer i og på skulen. Her har vi møtt mange engasjerte elevar og tilsette som står på for skulen sin. Elevane fortel om kjeke fellesskapsbyggande aktivitetar som kjem i tillegg til undervisninga – til dømes ulike typar turneringar, skulefrukost, biljard, bordtennis og bibliotekgrupper.

Omboda har også **delteke på foreldremøte**, kor elevane i samarbeid med skulen sin miljøkoordinator og skuleleiing, har hatt regi og tatt ansvar for innhald og gjennomføring. Dette tenkjer vi er særst positivt både for auka medverknad og eigarskap. Vi veit også at samarbeid med heimen er ein viktig faktor i arbeid med skulens kultur og eit trygt skulemiljø.⁵ Skulen har eit stort ansvar, men kan ikkje bere dette ansvaret åleine.

Gjennom året har vi hatt **jamleg kontakt med personar og organisasjonar** vi tenkjer er relevante å samarbeide med. Desse er lista opp i årsmeldinga.

Vi har bidrege i undervisninga for studentane ved Høgskulen på Vestlandet.

Både i Bergen og Sogndal har vi snakka om betydinga av – og retten til – eit trygt skulemiljø. I lag med mobbeombodet for barnehage og grunnskule fekk vi studentane med på gode

³ [2025_NTNU_Elevundersøkelsen 2024_25](#)

⁴ [Mobbing påvirker skolemiljøet for alle elever | udir.no](#)

⁵ [NOU 2015: 2](#)

refleksjonar om førebyggjande arbeid, fellesskapsbyggjande undervisning, avdekking og handtering i tråd med skulen si aktivitetsplikt.⁶

I løpet av året har vi også møtt personalet på nokre skular. Tema har vore ombodet sine erfaringar og arbeidet med å skape eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø, samt aktivitetsplikta i praksis. Desse møta har vi opplevd som gode møteplassar og eit godt grunnlag for vidare samarbeid.

For oversikt og utvikling av tenesta er vi opptekne av å ha **dialog med både skular og lærebedrifter**. Vi har delteke på fagsamlingar, relevante konferansar og har jamleg dialog og erfaringsutveksling med omboda i det nasjonale ombodsnettverket. Den faglege oppfølginga får vi gjennom Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger, som arbeider på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Vi samarbeider med mobbeomboda for barnehage og grunnskule i Vestland. Samarbeidet er nyttig for erfaringsutveksling og for å sjå heilskapen og den raude tråden frå barnehage til og med vidaregåande opplæring. Det har også bidrege til at vi har kunna tryggje overgangane.

Elev- og lærlingombodet skal samarbeide med alle partar som har ansvar for vidaregåande opplæring. Vi har opplevd godt samarbeid med både skular, lærebedrifter, samarbeidsorgan (tidlegare opplæringskontor) og opplæringsavdelinga. Dette er viktig både i det førebyggjande arbeidet og i arbeid med enkeltsaker.

Samarbeidet med rettleiingstenesta har vore godt og heilt avgjerande i fleire saker. Saman har vi støtta lærlingen og fått fram fleire perspektiv enn vi ville klart kvar for oss. I lag med lærlingane har vi klart å snu krevjande saker, med mål om fullføring.

Vi har også hatt samarbeid med opplæringsavdelinga, og vil rette ei takk til inntak, forvaltning og sluttvurdering. Saman har vi klart å tryggje elevar og føresette, og finne gode løysingar for elevar og lærlingar i ulike fasar av opplæringsløpet. For nokre har dette vore avgjerande for å handtere det dei har opplevd som uføreseieleg og utrygt.

Vi retter også **ein stor takk til juridisk seksjon for kyndig og god rettleiing** i ulike saker gjennom året.

⁶ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§12-4>

Årsmelding frå elev- og lærlingombodet

Rolla til elev- og lærlingombodet – eit lågterskeltilbod

Ombodsordninga er eit lågterskeltilbod som det skal vere lett å komme i kontakt med. Vi opptrer på eit fritt og sjølvstendig grunnlag, og skal være ein pådrivar for at elevane og lærlingane får oppfylt rettane sine.

Vi har i nokre tilfelle opplevd at det er ulike oppfatningar av når ombodet kan kontaktast, kor mykje vi er med og kor lenge det er naudsynt at vi er inne og støtter elev/lærling. For oss har ønskje og behov frå eleven, lærlingen eller føresette vore avgjerande for vurderinga vår.

Nokon skuler og samarbeidsorgan (opplæringskontor/ lærebedrifter) nyttar oss meir enn andre, og gjerne inn i det førebyggjande arbeidet og elevrådsskulering. Vi set pris på å bli invitert med i ulike typar tiltak for elevar og lærlingar gjennom året, og det har vore ein god måte for oss å vere synlege.

Det siste året har vi hatt ein liten nedgang i førespurnader i den nordlege delen av fylket, medan vi i den sørlege delen har hatt ein liten auke. Samanlikna med fjoråret har vi hatt ein auke i førebyggjande oppdrag og skulebesøk i heile fylket, og vi har gjennomført 92 oppdrag.

Det er ein føresetnad at elevane er kjende med tilbodet om vi skal kunne støtte og rettleie. Med jamne mellomrom har vi minna på, og oppfordra skulane til å ha informasjon om elev- og lærlingombodet synleg på skulens informasjonsskjermar. Det vil vi halde fram med å gjere.

Mål og prioriterte område for perioden

Med utgangspunkt i mandat, ombodet sine erfaringar, elevundersøkinga og lærlingundersøkinga, har vi prioritert følgjande område for skuleåret:

Å vere aktiv og synlege ut på skulane

- Delta på læringsamlingar
- Dialog med elevar og lærlingar om seksuell trakassering
- Pådrivar for at elevar og lærlingar skal få oppfylt rettane, og kjenne til pliktane sine, etter ny opplæringslov, og spesielt
 - Retten til eit trygt og godt skule- og læremiljø⁷
 - Retten til å bli høyrd og medverke⁸ & ⁹
 - Elevens beste vurderingar¹⁰

⁷ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§12-2>

⁸ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-2>

⁹ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§1-3>

¹⁰ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-1>

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 - regional planstrategi – Ombodets arbeid

Etter at regional planstrategi vart vedteken på fylkestinget 12.12.24, valde vi å rette merksemd mot strategimål 5 og 6. Vi meiner desse er relevante og kan bidra i arbeidet med å understøtte dei overordna og langsiktige måla i utviklingsplanen.

Strategi mål 5 - Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn.

Vårt tilnærming:

Elev- og lærlingombodet i Vestland skal bidra til at elevar og lærlingar får oppfylt rettane sine i tråd med gjeldande lover og reglar. I tillegg skal elev- og lærlingomboda vere merksame på, og løfte fram strukturelle hindringar som kan bidra til å gjere det vanskeleg for elevar og lærlingar å delta på ein inkluderande, deltakande og likeverdig måte.

Strategi mål 6 - Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn.

Vår tilnærming:

Elev- lærling- og mobbeomboda i Vestland skal gjennom sitt arbeid bidra til at alle elevar i grunnskule og vidaregåande skule har eit trygt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

Vi skal også arbeide aktivt for at elevar ikkje skal bli utsett for krenkjande oppførsel som til dømes, vald, diskriminering og trakassering, og vere ein pådrivar for at dette viktige arbeidet startar allereie i barnehagen. Videre skal elev- og lærlingomboda:

- *Samarbeide med skular og elevar for å sikre retten til å bli høyrd og medverke, samt at det vert gjort elevens beste vurderingar.*
- *Bidra til å kartlegge barrierar for deltaking og synleggjere moglegheiter, slik at elevar og lærlingar får fullført opplæringa si.*
- *Vere synlege og støtte elevar og lærlingar i risikosona, slik at dei får naudsynte tilpassingar og eventuelle tilretteleggingar dei treng for fullføring.*
- *Bidra til å gje merksemd slik at elevar og lærlingar får oppfylt retten til naudsynt rådgiving som verkemiddel for utjamning av sosial ulikskap, samt auka sjanse for å vere inkludert i arbeidslivet seinare i livet.*

I alt arbeidet vårt har vi hatt med oss verdiane til fylkeskommunen – open, kompetent og modig. Vi har utfordra og blitt utfordra på vegen, som pådrivarar for rettane til elevane og lærlingane.

Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar

Tilråding 1:

Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø, og skulen skal arbeide systematisk for elevane si helse, miljø og tryggleik. Dette arbeidet skal vere kontinuerleg, jfr. opplæringslova.¹¹ Rektor har i dag det øvste ansvaret på skulen, og skuleeigar har ansvaret for at krava i opplæringslova, og forskriftene til lova blir oppfylte. Vi ser at det er ulikt korleis det blir arbeidd med desse sakene på skulenivå. Vi opplever at både elevar, føresette og tilsette kan vere utrygge i situasjonen.

Vi har erfart at elevane må vente, og at skulene kjem for seint i gang med undersøkingar og tiltak. Då kan det være vanskeleg å komme i gang med gjenopprettande tiltak tidsnok til å kunne reetablere eit trygt klassemiljø. **Omboda vil tilrå at det blir etablert kompetansegrupper eller innsatsteam på kvar skule med ansvar for saker som handlar om eit trygt og godt skulemiljø.**

På den måten kan ein jobbe systematisk, og så raskt som mogleg kunne både avdekke og sette inn tiltak om ein får mistanke om at nokon ikkje har det trygt og godt. Når omlag 39% av dei som opplever seg mobba fortel at ingen på skulen veit det, så er det viktig at skulen jobbar systematisk med dette, og sikrar at ein får kunnskap, gjennom systematiske undersøkingar om korleis elevane har det, og korleis ein kan jobbe kontinuerleg for ein tryggast mogleg skulekvardag for alle.

Saker i denne kategorien kan vere komplekse og krevjande, og fordrar at dei som skal jobbe med dette har djupnekompetanse. Med det meiner vi at dei har kunnskap, veit kva dei skal sjå etter, og kjenner det igjen når det kjem til syne. Vi trur at ved å ha ei kompetansegruppe beståande av fleire ressurspersonar, med forankring i leiinga, vil ein kunne etablere eit miljø som kan utviklast, og der ein lærer i fellesskap og sikrar at ein jobbar evidensbasert.

Tilråding 2:

I den nye opplæringslova skal lærlingane ha rett på både rådgiving om utdannings- og yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold.¹²¹³ Vår erfaring er at det ikkje alltid er klart korleis moglegheita for rettleiing om personleg og sosiale forhold er gjort kjent for lærlingane, i kva omfang og kven som har ansvaret for å gje denne.

Vi trur ein tydeleggjering av dette ville kunne være ei god støtte for lærlingane. **Vi foreslår at ein følger opp dette med å skaffe oversikt over situasjonen og lærlingane sine behov, og sikrar at dei har kunnskap om retten sin til rådgiving om sosiale og personlege forhold, kva det inneber, og korleis dei konkret kan gå fram for å nytte seg av den.**

¹¹ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§12-3>

¹² <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§16-1>

¹³ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§16-2>

Tilråding 3:

Å gjere undervisninga tilgjengeleg for alle er viktig, og vi ønskjer å rette merksemda mot menneske med nedsett funksjonsevne. Vi veit at for nokre elevar og lærlingar med nevroutviklingsforstyrningar kan det vere avgjerande at det som skjer er føreseieleg og at dei opplever god struktur. Det er mange som trivst best med ein slik tilrettelegging, og det vil kunne komme fleire elevar til gode.¹⁴ Dette er omtala meir utfyllande i årsmeldinga.

Vi oppmodar til å nytte erfaringar frå årsmeldinga som eit innspel til det vidare arbeidet med å gjere undervisninga meir tilgjengeleg for alle, og sikre at elevane får oppfylt rettane sine til tilpassa opplæring og eit trygt og godt skulemiljø.

Vi tilrår at ein kartlegg behovet og ser på korleis kommunikasjonen rundt sjølve undervisninga, og val av kommunikasjonskanalar i vidaregåande skule kan gjerast meir tilgjengeleg for alle, og bidra til betre oversikt i skulekvardagen. Vi har erfart at dette kan vere avgjerande for oppleving av meistring og tryggleik i skulemiljøet, og bidra til at fleire fullfører.

Tilråding 4:

For å bidra til tryggleik og føreseielegheit for lærlingar som skal søke lån hos Lånekassen, foreslår vi å **sjå på moglegheitene for ei digital løysing som kan synleggjere for lærlingen kor i prosessen kontrakten ligg, og eventuelt forventa behandlingstid.**

Tilråding 5:

Vi erfarer at det er eit gap mellom informasjonsbehovet og informasjonen som blir gitt til elevar, lærlingar og føresette når det gjeld tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging. **Vi tilrår difor at ein ser på korleis ein kan sikre at elevar, lærlingar, lære kandidatatar og føresette får den informasjonen dei har behov for, jfr. opplæringslova §10-8.**

Tilråding 6:

Elev- og lærlingombodet har gjennom dette året og tidlegare år erfart at nokon av dei som tek kontakt er usikker på om Elev og lærlingombodet også kan støtte og rettleie i saker som handlar om skulemiljø og mobbesaker. Vi er også kjend med at Mobbeombodet for barnehage og grunnskule i Vestland, har blitt kontakta i saker som gjeld vidaregåande skule. Elev- og lærlingombodet gir støtte og rettleiing i saker som gjeld hele vidaregåande opplæring, også i saker som handlar om trygt og godt skulemiljø og mobbesaker.


For å gjere det tydeleg kven vi er til for og kva type sakar ombodet kan støtte og rettleie i, tilrår vi å endre nemning frå «Elev- og lærlingombod» til «Elev, - lærling og mobbeombod for vidaregåande opplæring».

¹⁴ –Lytt til foreldrene | statped.no

Årsmelding frå elev- og lærlingombodet

Førespurnader - kven kontaktar omboda?

(Illustrasjon: Bilde av totalt tal på førespurnader fordelt på kven som tek kontakt)



I perioden har vi motteke 187 enkeltførespurnader som gjeld elevar og læringar.

Dei aller fleste førespurnadene kjem frå læringar, elevar og føresette, men vi har òg blitt kontakta av personar i laget rundt eleven eller læringen, som ønskjer informasjon, rettleiing eller støtte. Nokre av desse ønskjer eit blikk utanfrå i saker dei står i. Dette har vi erfart kan vere nyttig og lærerikt – både for oss og for dei.

Vi ser ein nedgang i talet på saker direkte frå læringar, der vi har gått frå 90 til 50

førespurnader frå læringar. Dei andre gruppene som kontaktar oss ligg ganske stabilt – også førespurnader frå lærlingane sine føresette. Når det gjeld nedgangen i førespurnader frå læringar, er det sannsynleg at rettleiingstenesta sine besøk hos førsteårs læringar har hatt ein god og førebyggjande effekt.

Vi erfarer at ein del synes det er vanskeleg å stille spørsmål, og at dei er redde for å bli oppfatta som brysame. Dei kan også vere bekymra for at det å ta kontakt med ombodet skal få negative konsekvensar. Samtidig ser vi at mange har behov for nokon utanfrå å rådføre seg med – og at dette kan vere både trygt og nyttig.

Nokre saker har blitt løyste ved første kontakt, medan andre har gått over fleire år.


Vi prøver å løyse sakene på rett nivå, og å gi hjelp til sjølvhjelp. Dette fungerer fint i dei fleste tilfella. I meir komplekse saker har det vore behov for omfattande støtte og rettleiing. Det kan handle om å bli møtt med forståing når ein er bekymra, og om behovet for å sjå at noko faktisk skjer når ein har meldt ifrå. Dette er ikkje alltid tilfelle for dei som tek kontakt med oss. Det kan råde ulike oppfatningar av same sak, tilliten til systemet er gjerne lav og det påverkar samarbeidet.

Når utfordringane rammar eleven eller lærlingen, kan det også påverke familien.

Nokre fortel at belastninga har vore så stor at dei sjølve har blitt sjuke. Vi har støtta, gitt råd og rettleia utan å overta sakene, og vi avsluttar ikkje samarbeidet før dei som tek kontakt kjenner seg trygge på at situasjonen vil løyse seg.

Førespurnader som gjeld elevar

(illustrasjon: kakediagram som seier kva dei som kontaktar oss gir uttrykk for)



Vi har erfart at det er stort behov for informasjon, og fleire av dei som tek kontakt ønskjer innsikt i regelverk og kva som kan vere rimeleg å forvente i ein gitt situasjon.

Det kan handle om manglande tilpassing av undervisninga og/eller tilrettelegging i skulekvardagen, manglande elevmedverknad i enkeltsaker, opplevinga av eit utrygt skulemiljø. Ut ifrå kva som har vore behov har vi gitt rettleiing og sosial støtte.

Innføringa av kunstig intelligens i skulen har også nådd ombodet, som dette året har fått førespurnader knytt til fusk og kva reglar som gjeld. Vi ser at skulane står i ein krevjande situasjon, og at det å sikre rettferdig vurdering for elevane kan vere utfordrande. Dette skapar nye situasjonar og problemstillingar. Vi har også sett ein auke i **førespurnader knytt til gratisprinsippet i skulen.**

For nokre elevar kan reisevegen til skulen bli lang. Dei som ikkje kan nytte dagleg skyss til skulen har rett på støtte frå fylkeskommunen til å finne seg bustad. Dette gjeld berre for elevar i offentlege vidaregåande skuler.¹⁵ Elevane i dei private vidaregåande skulane har ikkje den same retten. Det betyr at **elevane i dei to skuleslaga har ulike rettar,** noko vi har erfart at

¹⁵ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§9-3>

kan føre til fråfall. Vi meiner dette er uheldig, då slik støtte kan vere avgjerande for å klare å fullføre.

Vi har merka ei positiv og gledeleg endring knytt til press, stress og mindre bekymring hos elevar og føresette etter innføringa av ny opplæringslov. Den nye lova har styrka rettane og auka handlingsrommet, og vi har erfart at informasjon om dette, og praksis på skulane har bidrege til å tryggje elevar og føresette.

Retten til å bli høyrd og medverke, samt elevens beste vurderingar

Ved handlingar og avgjerder som vedkjem elevar, skal **kva som er best for eleven, vere eit grunnleggjande omsyn**.¹⁶ Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve etter lova, og har rett til å ytre meiningane sine fritt. Elevane skal bli høyrde, og det skal leggjast vekt på meiningane deira etter alder og modning.¹⁷

Moment som kan inngå i **vurderinga** av elevens beste er eleven sine synspunkt og meiningar, identitet, personlegdom og eigenskapar, familieforhold og relasjonar, sårbarheit, fysisk og psykisk helse. I tillegg kjem retten til utdanning og helsehjelp. Desse momenta skal **vektast**, og ein skal **vise** til kva ein har lagt vekt på i vurderinga.

I nokre av sakene vi har rettleia i, har vi erfart at det ikkje er gjort ei vurdering av elevens beste i tråd med lova og fylkeskommunens eigne retningslinjer. Då kan det vere vanskeleg å forstå kva som ligg til grunn for avgjerdene som blir tekne, og vi har møtt elevar og føresette som ikkje opplever seg høyrte eller forstått av skule. I slike saker har vi oppfordra til å etterspørje korleis retten til å bli høyrd og medverke er sikra, og kva skulen har lagt vekt på i vurderinga av elevens beste.

Når ein ikkje forstår kva som er vektlagt, kan det vere vanskeleg å både forstå og handtere eigen situasjon. Dette kan vere krevjande å stå i for både ungdom og vaksne, og kan i seg sjølv føre til at det ikkje kjennest trygt og godt – i tråd med opplæringslova.¹⁸

Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring¹⁹, og skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering²⁰.

Arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø skal vere eit kontinuerleg arbeid, og alle tilsette på skulen har eit ansvar for å følgje med og gripe inn. Dei skal også melde til rektor om dei får

¹⁶ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-1>

¹⁷ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-2>

¹⁸ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§12-2>

¹⁹ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§12-2>

²⁰ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§12-3>

mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt.²¹ Skulen har då eit ansvar for å undersøkje saka og rette opp i situasjonen med eigna tiltak.²²

Det kan være mange ulike grunnar til at skulemiljøet opplevast utrygt, som til dømes mobbing, utestenging, eller det kan være manglande meistring som følgje av manglande tilpassing eller tilrettelegging av undervisninga.

Vi opplever stor merksemd om mobbing og utestenging, og ønskje frå skulane om å legge til rette for trygge og gode skulemiljø. Det er eit krav at skulane skal jobbe systemretta med dette, og elevane skal få medverke^{23 24 25}

Gjennom året har vi hatt saker kor elevar og/eller føresette fortel at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen. Det har handla om mobbing og utestenging frå medelever, eller opplevingar med tilsette som har vore vanskeleg å handtere for eleven. Dette har påverka opplæringa i stor grad.

Når det gjeld forhold til medelever, kan det handle om utestenging frå digitale grupper, krenkande meldingar på sosiale medium som til dømes Snapchat, Discord og Jodel, og utrygge klasse- og skulemiljø. Vi høyrer også om modige elevar som seier ifrå når nokon blir utestengd, og som ender med sjølv å bli utestengde. Nokre av sakene gjeld avgangselevar i samband med russetida.

Som oftast tek skulen tak i saka, men vi har også høyrte frå elevar og føresette som fortel at elev har prøvd melde frå, men at det likevel ikkje har skjedd noko endring av situasjonen. Dei fortel at årsaka til problema gjerne har blitt lagt til eleven, og at dei har opplevd å ikkje bli møtt eller lytta til.

Når vi rettleier i disse sakene, informerer vi om regelverket og oppmodar til å melde ifrå til den på skulen eleven har ein relasjon til, eller ta kontakt direkte med rektor. Vi informerer også om moglegheita til å melde saka til statsforvaltar dersom ein opplever at det ikkje blir sett i verk eigna og tilstrekkelege tiltak i tråd med skulen si aktivitetsplikt.

I nokre av sakene kjem skulen inn i saka ei stund etter at ting vart utrygt for elevane. Dei sosiale prosessane kan ha fått utspele seg utan at skulen har hatt kjennskap til det, og det kan ha etablert seg ein utrygg kultur. Når problema kjem til syne, kan ting ha auka i omfang og det kan være krevjande å få oversikt over situasjonen, og treffe med eigna og tilstrekkelege tiltak. Dette gjeld sjølv om skulen har strekt seg langt for å få til gode løysingar.

Vi har møtt fortvilte elevar, føresette og tilsette som står midt i vanskelege saker. Å halde hovudet kaldt og hjarta varmt når ein skal jobbe systematisk og analytisk i dette arbeidet, kan være krevjande for alle dei involverte. Det kan være avgjerande å ha støtte i prosessen. At skulen prøver å hjelpe har ein positiv effekt i seg sjølv.

I løpet av året har vi også blitt kontakta av **elevar som ønskjer å løyse saka si anonymt**. Desse sakene har vi løyst i samarbeid med skuleleiing eller miljøkoordinator. Det kan vere

²¹ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§12-3>

²² <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§12-4>

²³ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-2>

²⁴ [NOU 2015: 2 - regjeringen.no – Å høre til - Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø](#)

²⁵ [3. Retten til et trygt og godt skolemiljø | Udir.no](#)

ulike årsaker til at det er utfordrande å melde frå når noko opplevast som utrygt og vanskeleg – sjølv om skulen har informert elvar og føresette om korleis dei kan gjere det.

I dag blir det i stor grad lagt opp til at elev eller føresette sjølv skal melde frå, men når det av ulike grunnar er vanskeleg å gjere dette, kan kunnskapen om eleven sin situasjon vere «usynleg» for skulen.


Ser ein på elevane frå 5.–13. klasse på landsbasis, opplyser 39 % av dei som seier at dei blir mobba, at ingen på skulen veit om det. 21 % fortel at skulen veit om det, men ikkje gjer noko. Begge desse forholda uroar oss. Dei vidaregåande skulane har i gjennomsnitt høgare tal. (Kjelde: Læringsmiljøsenteret, UiS, januar 2025) Vi veit at konsekvensane kan føre til fråfall frå både utdanning og seinare arbeidsliv.

Når om lag 6,2 % av elevane på landsbasis rapporterer at dei har vore utsett for mobbing, utgjer det om lag 1 370 elevar i vidaregåande skule i Vestland. Dersom 39 % av desse ikkje har fortalt det til nokon på skulen, kan det gjelde omkring 530 elevar berre i Vestland. Vi gjer merksam på at alle tala er omtrentlege og basert på landsgjennomsnittet, og må lesast med det som utgangspunkt.

Likevel meiner vi at dette er eit høgt tal, og vi uroar oss over kor mange elevar det kan gjelde. Denne kunnskapen underbyggjer behovet for å vere tett på, og for å jobbe førebyggjande og systematisk, slik at ein sikrar kunnskap om situasjonen på eiga skule.

Det verkar å ha stor betydning å vere open og undersøkjande overfor det ein ikkje veit eller ser. Ein må tru at noko skjer – for å kunne sjå det.

(illustrasjon: kakediagram som seier noko om kva elevane gir uttrykk for i elevundersøking i forhold til om skolen har visst om mobbing, og kva dei har gjort for å hjelpe)



(Kjelde: UiS, Læringsmiljøsenteret januar 2025)

(illustrasjon: Tal frå elevundersøkinga som gjeld heile landet, og handlar om kva skulen har gjort for å hjelpe eleven elever som opplever mobbing)

Gjorde skolen noe for å hjelpe deg?	vg1	vg2	vg3	Gj.snitt 5-13 trinn
Nei, ingen på skolen visste noe	46	49	47	39
Skolen visste det, men gjorde ikke noe	24	24	28	21
Ja, skolen gjorde noe, men det hjalp ikke	11	13	11	17
Ja, skolen gjorde noe som hjalp litt	13	9	11	17
Ja, skolen gjorde noe som fikk slutt på mobbingen	6	6	2	6

(Kjelde: UiS, Læringsmiljøsentret, januar 2025)

Tilpassa opplæring – individuell tilrettelegging

Fleire av sakene om tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging, handlar om elevar med nedsett funksjonsevne. Vi tilrår difor å sjå dei to delane av årsmeldinga i samanheng.

Opplæringslova pålegg skuleeigar å sørge for at opplæringa er tilpassa. Det vil seie at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine. Lærarane skal følgje med på utviklinga til elevane og melde frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Om det må til, skal skolen setje i verk eigna tiltak.²⁶ Skolen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuell tilrettelegging etter reglane i opplæringslova.^{27 28 29}

Det er utarbeidd retningslinjer for tilpassa opplæring i Vestland Fylkeskommune. Desse tar mellom anna utgangspunkt i eleven sine styrkar og er eit godt utgangspunkt for vidare læring og utvikling hos eleven. Vi har erfart at retningslinjene i ulik grad blir nytta i praksis. Det er viktig at eleven sine rettar ikkje er avhengige av kven som er lærar, koordinator, avdelingsleiar eller rektor – dei må vere ein del av eit godt forankra system som fungerer for alle.

I nokre tilfelle kan det verke som om skulen si plikt til å melde frå dersom ein elev ikkje har, eller kan få, tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, ikkje alltid blir følgd opp –

²⁶ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§11-1>

²⁷ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§11-4>

²⁸ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§11-5>

²⁹ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§11-5>

eller at det skjer seint på året. Dette kan føre til at nødvendige og eigna tiltak ikkje kjem på plass i tide, og at eleven risikerer å falle ifrå fagleg.

Vi har erfart at når ting ikkje fungerer og læringsutbytte ikkje er tilfredsstillande, så sitt både elevar og føresette igjen med at årsaka har vore lagt til eleven, som til dømes manglande motivasjon eller feilval. Det har vore vanskeleg å få tak på kva tilpassingar som har vore prøvd. Løysinga vi har høyrte foreslått har gjerne vore bytte av fag/linje, ta skuleåret over to år, eller meiroplæring i fag.

Samstundes vil vi understreke at vi og har erfart at når skulane først oppfattar og blir merksame på utfordringane, så strekk dei seg langt for å støtte eleven og bidra til at opplæringa kan fullførast på ein god måte.

Sitat frå elev:

"Då eg fekk innvilga skrivehjelp/organisator på norskeksamen fekk eg ein sjanse til å klara noko eg var heilt sikker på at eg ikkje kunne klara. Då kunne eg få vist kompetansen min og fullføre vgs med eit fullstendig vitnemål."

For å få individuell tilrettelegging må det føreligge ei sakkunnig vurdering, som blir utarbeidd av pedagogisk psykologisk teneste (PPT). Det fordrar at det blir sendt ei **tilvising til PPT**.

Nokre av elevane og dei føresette fortel at dei ikkje er kjende med denne moglegheita, og konsekvensen er at eleven ikkje får vurdert behovet for pedagogisk støtte. Vi har og blitt fortalt at tilrådingar frå PPT ikkje alltid blir integrerte i undervisninga, sjølv om den sakkunnige vurderinga er delt med skulen. Dette kan vere vanskeleg for elevar og føresette å forstå og handtere, og det utfordrar skule-heim samarbeidet.

Sitat frå elev:

"Eg fekk forklart frå rådgjevar at PPT var for folk med "lærevanskar" som "slit kognitivt".

Det kan vere vanskeleg å finne ein balanse mellom å hevde eleven sine behov og rettar, og ikkje bli oppfatta som den vanskelege føresette. Føresette fortel at dei vil ikkje ha noko styr, og dei kan vere redde at det å stille kritiske spørsmål skal gå utover eleven, for eksempel når det gjeld vurdering.

I opplæringslova går det fram at skuleeigar skal gi elevar og foreldre den informasjonen dei har bruk for, mellom anna om opplæringa, den enkelte eleven, skulemiljøet og skulereglane, og om dei rettane og pliktene elevane elles har.³⁰

Vi får tilbakemeldingar om at det kan vere krevjande for elevar og føresette å orientere seg i systemet og finne ut korleis dei skal gå fram for å få rett hjelp. Dette gjeld fleire, men særleg i situasjonar der eleven har ei funksjonsnedsetting, og kan ha behov for tilrettelegging.

Nokre fortel at dei har opplevd dette som så vanskeleg at dei har valt å kjøpe tenester frå private aktørar for å få oversikt og rettleiing. I enkelte tilfelle har dette medført store kostnader, og vi har høyrd om føresette som har betalt fleire tusen kroner per time for

³⁰ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-8>

retteleing. I tillegg gir dei uttrykk for fortviling over at når de har klart å løyse ei utfordring, så dukkar det opp ei ny.

Sitat frå føresett:

«Det er litt sånn du føler du bruker masse energi på å grave deg fram i snøen, og ser at det har snødd igjen bak deg. Du kjem aldri i mål, og du aner ikkje kven du kan be om hjelp. Når du har klart å få til noko, så gjer dei endring, så må du ta den same kampen igjen.»

Når ein er fortvila og kjenner det nødvendig å kjøpe private tenester for å få tilgang til informasjon og støtte, kan det føre til at økonomiske ressursar påverkar kva hjelp elevane får. Dette kan skape ulikskap i tilgangen til rettar og tenester, og det er behov for tydelege og tilgjengelege rutinar som gjer det lettare for alle å finne fram i systemet, og få den hjelpa ein treng og har rett på.

Elev- og lærlingombodet erkjenner at vi i nokre sakar ikkje har vore kjende for dei som treng retteleing, og då heller ikkje har kunne hjelpe. Det er heller ikkje alltid sjølvstøtt for oss omboda korleis vi skal retteleie om kven som har ansvar og kan hjelpe i nokre av desse sakene. Dette gjeld spesielt i saker som omhandlar personleg assistanse og fysisk tilrettelegging, samt krav til universell utforming.

Elevar og føresette si rett på informasjon og naudsynt rådgjeving

Etter opplæringslova skal elevar og føresette ha den informasjonen de har bruk for, og skulen skal sørge for at elevar i den vidaregåande opplæringa får den rådgivinga som dei treng om utdannings- og yrkesval.^{31 32} Elevane skal få rådgiving på den skolen dei går på, og individuelt dersom dei ønskjer det

Vi har erfart at elevar og føresette ikkje er kjende med kva rettar dei har, eller kva moglegheiter som finst i vidaregåande skule. Når ein ikkje veit om moglegheitene, blir det òg vanskeleg å etterspørje informasjon eller støtte. Det er ikkje sjølvstøtt for alle at det er mogleg å søkje om inntak på særskilde vilkår også etter overgangen frå grunnskulen til vidaregåande. For fleire av dei som tek kontakt, er det dei same utfordringane som låg til grunn for søknad om særskilt inntak frå grunnskulen, som framleis er til stades i når ein skal gå frå vg1 til vg2 og gjerne vidare til vg3.

Vi ser at enkelte elevar og føresette først blir kjende med denne moglegheita etter at søknadsfristen er gått ut, gjerne tilfeldig. Dette kan føre til forseinkingar i opplæringa for eleven.

³¹ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-8>

³² <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§16-1>

Yrkesfagleg fordjuping (YFF) – ulik praksis

Vi har fått fleire spørsmål knytt til ulik praksis rundt Yrkesfagleg fordjuping (YFF) der vi erfarer at det er skilnader i korleis faget blir gjennomført, og i kva grad det er eit reelt samarbeid med næringslivet – slik intensjonen med faget er. Det skal vere eit samarbeid mellom elev, skule og næringsliv, der alle partar skal ha moglegheit til å påverke innhaldet.³³

Medan nokre elevar blir tildelte praksisplass i bedrifter som skulen eller læraren har avtale med, høyrer vi om andre som får beskjed om at dersom dei ikkje finn seg praksisplass sjølv, vil dei få fråvær. Dette er ikkje i tråd med retningslinjene eller opplæringslova.

Konsekvensen av ulik praksis mellom skulane kan påverke eleven sine moglegheiter for å få lære plass. Det kan vere avgjerande for elevane å få kjennskap til arbeidslivet, faget og å bygge nettverk som kan hjelpe med å skaffe lære plass. Erfaringar viser at det er stor samanheng mellom utplassering i bedrift og kven som får lære plass.

Vi er også kjende med at det i delar av fylket finst praksisar der bedrifter ikkje får ha elevar i praksis dersom dei ikkje skal ta inn lærling det påfølgjande året.

Gratisprinsippet i skulen

Den vidaregåande opplæringa skal vere gratis. Fylkeskommunen kan likevel krevje at elevar og dei som har læretid i bedrift, dekkjer utgifter til individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.³⁴ Videre seier Utdanningsdirektoratet at

«Det kan ikke kreves noen form for egenbetaling av elevene eller foreldrene når skolen for eksempel tilbyr turer som er en del av opplæringen. Derfor kan ikke skolen ta initiativ til aktiviteter som krever egen- eller foreldrebetaling.»

Skulen kan ta imot gaver og bidrag, men desse skal i tilfelle vere anonyme og frivillige.³⁵

Gratisprinsippet er eit viktig prinsipp, og skal sikre at alle elevar har like moglegheiter til å delta i opplæringa, uavhengig av økonomisk bakgrunn. Likevel får vi tilbagemeldingar om at dette prinsippet ikkje alltid blir følgt i praksis. Enkelte skular inviterer til ulike tiltak som krev mindre og større eigenandeler. Sjølv om intensjonen alltid er god, kan dette skape utfordringar for elevar og familiar med låg betalingsevne.

For mange kan det vere ei høg terskel å måtte melde frå til rektor eller kontaktlærer om at dei ikkje har råd til å delta. Det kan opplevast som sårbart å måtte blottleggje eigen økonomi, og det bidreg ikkje nødvendigvis til å sikre eit rettferdig prinsipp for alle.

Skulen skal ha ein inkluderande praksis³⁶, og då må det leggjast til rette for at alle elevar kan delta utan å kjenne på økonomisk press. Når det blir forventa eigenbetaling, sjølv til gode og meningsfulle tiltak, kan det verke ekskluderande. Nokre elevar og føresette reagerer òg på

³³ [Yrkesfaglig fordypning for de yrkesfaglige utdanningsprogrammene \(YFF\) | udir.no](https://yrkesfagligfordypning.no/)

³⁴ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§5-8>

³⁵ [Aktiviteter og turer | udir.no](https://aktiviteterogurer.no/)

³⁶ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§12-2>


det prinsipielle i at skulen forsvarar slike ordningar, og vi har opplevd at det i nokon sakar bidreg til å undergreve tilliten til systemet.

Vi har og høyrd om tilfelle kor det er sendt ut fellesbrev til alle elevar og føresette med melding om at «nokre ikkje har betalt». Sjølv om dette kan vere meint som ei nøytral påminning, kan det opplevast som stigmatiserande for dei det gjeld, og kan skape eit press på familiar som allereie strevar økonomisk. Når økonomi blir eit tema i fellesskapet, kan det også påverke elevane si oppleving av tilhøyrslø og tryggleik i skulemiljøet.

Det er viktig at gratisprinsippet blir praktisert konsekvent, og at informasjon om dette er tydeleg og tilgjengeleg for alle. Dette meiner vi kan vere avgjerande for å sikre likeverd og for å unngå at økonomi blir ein barriere for deltaking og tilhøyrslø i skulemiljøet

Førespurnader som gjeld lærlingar

(illustrasjon: kakediagram som seier kva dei som kontaktar oss gir uttrykk for)



Ein stor overgang – mykje som skal på plass og lærast

Lærekontrakt og arbeidsavtale må vere på plass.

Størstedelen av førespurnadene til ombudet kjem frå lærlingar og deira føresette. Dei aller fleste gjeld ulike delar av regelverket knytt til opplæring og arbeidsforholdet til lærebedrift. Dei som skal ha læretid i bedrift skal skrive kontrakt om opplæring med ei lærebedrift før opplæringa tek til. Den skal syne kva som er målet for opplæringa. Kontrakten skal

godkjennast av fylkeskommunen.³⁷ I tillegg skal lærlingen ha ein arbeidsavtale med bedrifta, som følger lover og tariffavtaler.³⁸ Disse to skal regulere arbeidsforholdet og sikre at lærling får ei trygg læretid og nødvendig opplæring.

Dette året har vi høyrd om arbeidsavtalar der tildelte oppgåver ikkje alltid står omtalt, sjølv om dei utgjer ein stor del av arbeidet. I tillegg har vi sett andre forhold i arbeidsavtalar som openbert ikkje stemmer med tanke på innhald, til dømes at Lånekassen skal betale lønna.

Vi har erfart at det er ulikt korleis rettleiingstenesta går inn i saker som omhandlar arbeidsavtalen med utgangspunkt i om fylkeskommunen er part i avtalene eller ikkje. Fylkeskommunen er ikkje part i arbeidsavtalen, men innhaldet i avtalen kan ha stor innverknad på korleis lærlingen opplever læretida si. I nokre av desse sakene har vi samarbeidd med rettleiingstenesta og fagforeiningar for å komme fram til rimelege løysingar.

Vår erfaring er at når bedrifter gjer openberre feil, handlar det ofte om manglande kunnskap. Vi ser at for nokon nye lærebedrifter er det eit ønskje, og forventning om rettleiing og gjennomgang av arbeidsavtalar. Ryddige avtaler skal sikre eit godt arbeidsforhold og ei god læretid – både for lærlingen og arbeidsgjeveren.

Læreforhold som blir forsøkt avslutta for tidleg

Vi har erfart situasjonar der lærebedrifter ønskjer å avslutte lærekontraktar utan at det ligg føre sakleg grunn, eller at tiltak er prøvd. Dette skjer gjerne i saker der lærlingen har utfordringar som ikkje er godt kjende, og der sårbarheit først kjem fram når situasjonen blir vanskeleg. Lærling blir då gjerne kalla inn til møte om heving av kontrakt utan å forstå kvifor, og utan dei alltid får forklart kva som har skjedd. Dei får gjerne lovnad om ein grei attest mot at dei skriv under, og det kan vere stor maktubalanse mellom lærling og representantane frå bedrifta

I slike situasjonar er vi opptekne av å trygge lærling, og sikre at rettleiingstenesta blir kopla på. Vi har vore med i saka så lenge lærling har ønska det, men i alle desse sakene har vi hatt eit godt og overlappende samarbeid med RLT, kor vi etter avtale med lærling har trekt oss ut når hen kjenner seg trygg.

Det kan synast som om nokre lærebedrifter ikkje er kjend med ansvaret dei har påteke seg som arbeidsgjevar for ein lærling, og heller ikkje vilkåra for heving av lærekontrakt. Dette gjeld også i saker kor samarbeidsorgan (opplæringskontor) har vore involvert, og kor lærling i nokon samanhengar opplever at dei står åleine. Det hender det tar tid før lærebedrift koplar på rettleiingstenesta. Ein del av samarbeidsorgana (opplæringskontora) har mange lærlingar å følgje opp, og vi ser at det kan være krevjande å sikre at den einskilte lærling er sikra tilpassa opplæring og nok støtte på vegen.

For å sikre at lærling har fått nødvendig støtte i desse situasjonane, har det vore avgjerande med tett samarbeid mellom samarbeidsorgan (opplæringskontor), rettleiingstenesta (RLT)

³⁷ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§7-2>

³⁸ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§7-4>

og bedrifta. Vi har erfart at informasjon om fullføringsmidlar og moglegheita for ekstra personleg støtte har bidrege til å få fleire lærlingar i mål.

Godkjenning av lærekontraktar og konsekvensar for støtte i Lånekassen

For at ein lærling skal kunne søke støtte i lånekassen, må hen ha fått godkjent lærekontrakten sin av fylkeskommunen. I løpet av året har vi mottatt førespurnader frå lærlingar, føresette og støttepersonar som er usikre på grunn av lang behandlingstid knytt til denne godkjenninga. Dei sakar informasjon undervegs i prosessen.

Vi har stor forståing for at det er eit omfattande arbeid å godkjenne alle kontraktane, og vi har fått god hjelp frå opplæringsavdelinga for å støtte i førespurnader.

Når ein fell i frå og treng støtte for å komme vidare

Vi har snakka med ungdomar som har vore elevar eller lærlingar, og nokre føresette, om fråfall frå opplæringa. Dei kjem seg ikkje vidare etter at de ikkje fekk læreplass eller droppa ut frå læreplass. I desse sakene har vi støtta og rettleia om kven dei kan ta kontakt med. Dette har vore ungdommar under 24 år. Dei fortel at dei ikkje fekk læreplass eller har "droppet ut av lære".

Det er stor forskjell på kapasitet og støtte frå heimen. Nokre av desse har gått lenge utan å bli kontakta av oppfølgingstenesta, - over eit år. Den tida har ikkje alltid vore god for ungdommen si psykiske helse. Dei fortel om manglande tru på at det skal løyse seg og opplever å stå aleine i det. I disse sakene sikrar vi at det vert etablert kontakt med oppfølgingstenesta, og sikrar at dei har tilgang til støtte på vegen.

Lærlingfellesskap og god omsorg mellom lærlingane

Lærlingar bryr seg om kvarandre. Det har vore svært gledeleg å bli kontakta av lærlingar som ønsker dialog om korleis de kan støtte andre lærlingar og kvarandre. Når vi veit at det kan være vanskeleg å sei ifrå og stille opp for seg sjølv, så er det fint å registrere at andre ønskjer å bidra med støtte og omsorg.


Diskriminering og krenkingar

Vi har i løpet av året snakka med lærlingar som har opplevd rasistiske kommentarar, seksuell trakassering og sosial ekskludering, og vi høyrer om elevar som har byta namn for å auke sjansane for å få læreplass. Vi meiner det er viktig å auke kunnskapen om tema.

Seksuell trakassering er eit område vi har hatt ekstra merksemd på i møte med ungdomane, og vi har blitt kontakta av lærlingar fordi de har vert utsett for uønskt seksuell merksemd. Dei har gjerne meldt ifrå på arbeidsplassen, men lærebedrift tek ikkje tilfredsstillande tak i det. Lærlingane fortel at det kanskje er lettare å erstatte ein lærling enn ein fagarbeidar, og det

gjør det ekstra vanskeleg. Dette er heldigvis unntaka, og i de fleste tilfella ordnar lærebedrift eller samarbeidsorgana (opplæringskontor) opp, og sikrar at lærling får halde fram med læretida si ein annan plass. Det er viktig at lærlingane har handlingsalternativ om slikt skjer.

Andre førespurnader frå laget rundt elev/læring



Førespurnader frå andre gjeld til dømes inntak til vidaregåande, retten til eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova kapittel 12,³⁹ for sakkunnig vurdering,⁴⁰ individuell tilrettelegging og personleg assistanse⁴¹ ⁴²eller fullføringsretten. Vi har bidrege på vegen når ein har prøvd å løyse saker som vedkjem elevar og lærlingar.

Når det gjeld arbeid med skule- og arbeidsmiljø, har vi vore ein utanfrå og inn samtalepartner, med ønskje om å bidra til finne løysing.

Ulik tilgang til psykisk helsehjelp blant lærlingar – rett til rådgiving om sosiale forhold

Gjennom året har vi fått inn meldingar frå støttepersonar som fortel om lærlingar som strevar med personlege forhold og psykisk helse, og som opplever at tilgangen til hjelp varierer. Nokre får rask og god oppfølging, medan andre står utan tilbod eller må vente lenge. Behovet er like stort.

³⁹ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§12-1>

⁴⁰ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§11-7>

⁴¹ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§11-4>

⁴² <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§11-6>

Frå tilsett i samarbeidsorgan (opplæringskontor):

«Alle er lærlingar i Vestland, og livet skjer for dei alle – men berre nokre får rask og god hjelp når det gjeld psykisk helse. Det er jammen ikkje lett å finne ut kva tilbod som er tilgjengeleg»

Vi erfarer eit behov for betre samordning og styrking av arbeidet som kan bidra til å styrke lærlingane sin psykiske helse. Dette er nødvendig for å sikre like moglegheiter til alle, uavhengig av geografisk plassering, organisering eller kapasitet.

I den nye opplæringslova skal lærlingane ha rett på rådgiving om sosiale og personlege forhold.⁴³ Vi erfarer at denne moglegheita ikkje alltid er kjent for lærlingane eller samarbeidsorgana. Vi trur ei tydeleggjering av dette vil kunne vere ei god støtte for lærlingane. God rettleiing kan ha ein terapeutisk effekt.

Elevar og lærlingar med nedsett funksjonsevne

Då årsmelding for fjoråret (2023-24) vart lagt fram for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF), fekk me gode innspel på kva ein ønska meir av for å gje ei betre beskriving av situasjonen for denne gruppa. Det gjaldt mellom anna å trekke inn statistikk.

Kvart år gjennomførast elev- og lærlingundersøkingane, som er viktige kunnskapskjelder for opplæringssektoren, både om nasjonale og lokale forhold. Ingen av desse undersøkingane seier noko spesifikt om elevar og lærlingar med nedsett funksjonsevne. Vi ønskjer at det vert gjort eit systematisk arbeid for å sikre meir kunnskap om denne gruppa. Dette har og vore tema i møte med leiar og nestleiar i RMNF.

I det følgjande vil vi prøve å gje eit lite bakteppe som kan setje våre erfaringar inn i ein større samanheng. Vi er takknemleg for ungdomane og dei føresette som har delt sine erfaringar, både for å få støtte i eigen situasjon, men også for å bidra til at dei som kjem etter kan få ein betre skulekvardag.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) skildrar at funksjonshemming tradisjonelt har vore sett på som ein eigenskap ved individet – den funksjonshemma personen. Som eit motsvar til individ og sjukdomsfokuset retta ein merksemda bort frå individet over til at funksjonshemming er samfunnet som ikkje er tilpassa den menneskelege variasjon. I dag snakkar ein gjerne om samspelet mellom individuelle eigenskapar, omgjevningar og konkrete situasjonar.⁴⁴

Bufdir beskriv sentrale omgrep om funksjonshemming slik:

*Ei **funksjonsnedsetjing** viser til tap av, skade på eller avvik i ein kroppsdel eller i ein av kroppens psykologiske, fysiologiske eller biologiske funksjonar. Dette kan eksempelvis*

⁴³ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§16-2>

⁴⁴ [Begreper og kunnskapsgrunnlag i Bufdir](#)

Årsmelding frå elev- og lærlingombodet

dreia seg om nedsett rørsle-, syns- eller høyrseleks funksjon, sett ned kognitiv funksjon eller ulike funksjonsnedsetjingar pga. allergi, hjarte- eller lungesjukdommar.

*Nemninga **funksjonshemma** blir brukt om personar som får den praktiske livsførselen sin vesentleg avgrensa på grunn av gapet eller ujamnt forhold mellom funksjonsnedsetjinga til personen og kravet i miljøet og samfunnet. Denne forståinga legg vekt på at **funksjonshemminga oppstår i relasjonen mellom omgivnad og mennesket.***

*Funksjonshemming oppstår når det ligg eit gap mellom individet sine føresetnader og utforminga, strukturen eller kravet frå omgivnadene til funksjon. Funksjonshemming er **ikkje ein individuell eigenskap**, men **eit forhold eller ein situasjon som kan oppstå i individets møte med samfunnet.***⁴⁵

I følgje tal frå SSB (2022) har 40% av personar med funksjonsnedsetting mellom 20 og 66 år ikkje utdanning utover grunnskulen. Ser ein på befolkninga totalt er talet 24%.⁴⁶

Vi veit at utdanningsnivå kan vere viktig for sysselsetting, og at blant rørslehemma som ikkje er uføretrygda, er dei med høgare utdanning i høgare grad sysselsette. Rørslehemma som ikkje er uføretrygda og som ikkje har fullført meir enn grunnskulen, er sjeldan i arbeid.⁴⁷

Fullføring av vidaregåande opplæring kan ha stor betydning – både for den enkelte sitt framtidige moglegheitsrom og for samfunnet, gjennom auka deltaking i arbeidslivet. Det vil kunne ha stor betydning for inntekt og økonomisk situasjon, og for kor tilfreds ein opplever å vere i eige liv.⁴⁸

Menneske med nedsett funksjonsevne skal vere godt ivaretekne både gjennom FNs konvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne, CRPD (Convention on the Rights of Persons with Disabilities)⁴⁹ og barnekonvensjonens artikkel 23. Ein skal vere sikra eit fullverdig og anstendig liv under forhold som sikrar verdigheit, fremmer sjølvstendigheit og bidreg til barnets aktive deltaking i samfunnet.⁵⁰ Sjølv om CRPD i skrivande stund ikkje er inkorporert i norsk lov, så er barnekonvensjonen det.

I artikkel 29 a, står det at barnets utdanning skal ta sikte på å utvikle personlegdom, talent og evner så langt det er mogleg. Rettane er også sikra gjennom likestillings- og diskrimineringslova, og opplæringslova om retten til tilpassa opplæring.^{51 52}

Blant formåla med ny opplæringslov er å bidra til at fleire fullfører vidaregåande opplæring, elevperspektivet skal tydelegare fram og arbeidet med tidleg innsats skal styrkast.⁵³ Elevane

⁴⁵ [Begreper og kunnskapsgrunnlag | Bufdir](#)

⁴⁶ [Bevegelsehemmedes sysselsetting øker med stigende utdanningsnivå – SSB](#)

⁴⁷ [Bevegelsehemmedes sysselsetting øker med stigende utdanningsnivå – SSB](#)

⁴⁸ [Økonomi og levestandard | Bufdir](#)

⁴⁹ [FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne \(CRPD\) - regjeringen.no](#)

⁵⁰ [178931-fns_barnekonvensjon.pdf \(regjeringen.no\)](#)

⁵¹ <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§1-1>

⁵² [Tilpasset opplæring | udir.no](#)

⁵³ [Prop. 57 L \(2022–2023\) - regjeringen.no](#)

skal lettare vite kva rettar og pliktar dei har etter den nye lova, samt at ein skal få støtte til å koordinere dei ulike tenestene.

Vestland Fylkeskommune har i dag retningslinjer for tilpassa opplæring, som skal bidra til å oppfylle elevane sin rett til tilpassa opplæring.⁵⁴ Likevel har ikkje alle tilfredsstillande utbytte av undervisninga og ein skal då nytte andre tiltak, som til dømes individuell tilrettelegging og/eller personleg assistanse.⁵⁵ Elevar har rett til den personlege assistansen dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho.⁵⁶

I desse tilfella skal det utarbeidast ei sakkunnig vurdering av pedagogisk psykologisk teneste (PPT)⁵⁷. Då treng dei ei tilvising til PPT, og det er avgjerande at eleven og dei føresette får informasjon om korleis dei kan ordne ei slik tilvising.

I Opplæringslova står det at fylkeskommunen skal gi elevar og foreldre den informasjonen dei har bruk for, mellom anna om opplæringa.⁵⁸ I tillegg skal skuleeigar sørge for at elevar får den rådgivinga dei treng om sosiale og personlege forhold, som kan ha innverknad på korleis dei har det på skulen. Denne rådgivinga skal dei få på den skulen dei går på.⁵⁹

I fleire av førespurnadene som kjem til ombodet, ser vi at tilvising til pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) ikkje alltid skjer automatisk. Prosessen fram mot ei sakkunnig vurdering kan ta fleire månader, og det kan gå endå lengre tid før dei tilrådde og nødvendige tilretteleggingane er på plass. Dette kan få alvorlege konsekvensar for eleven, som kan ha opplevd manglande meistring, usikkerheit og utrygt læringsmiljø. Slike forhold er ikkje i tråd med opplæringslova om tilpassa opplæring, trygt og godt skulemiljø og retten til nødvendig informasjon.

Samtidig har vi også merka oss ei positiv endring med den nye opplæringslova, og veit at det har vorte tatt i bruke ulike tiltak for individuell tilrettelegging slik opplæringslova gir føringar for, som til dømes personleg assistanse. Tilbakemeldingane vi har fått, er at dette har vore både etterlengta og nødvendig. Nokre av elevane har fagleg kompetanse, men treng tilpassing og/eller tilrettelegging for «å kunne stille til start», slik at dei får vist kompetansen.

Undersøkingar viser at elevar med funksjonsnedsetting opplever at dei blir møtt med fordommar hos lærarar og rådgjevarar.⁶⁰ Vi høyrer også elevar som er bekymra for at nokre lærarar forvekslar tilrettelegging med fagleg hjelp, og at fagkompetanse deira skal bli devaluert på grunn av at dei får tilrettelegging i undervisninga.

Sitat frå elev i Vestland:

«Eg har kompetanse i faget, men treng tilrettelegging for å kunne få vist den. Eg opplever at nokre lærarar blandar tilrettelegging med fagleg hjelp. Denne mistenkeleggjinga er øydeleggande for relasjonen til lærar.»

⁵⁴ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§11-1>

⁵⁵ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§11-2>

⁵⁶ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§11-4>

⁵⁷ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§11-7>

⁵⁸ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-8>

⁵⁹ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§16-2>

⁶⁰ [Utdanning i Bufdir](#)

For elevar og lærlingar som er nevrodivergente, nokre av dei høgt fungerande, kan det vere avgjerande at undervisninga og læretida skjer i trygge og føreseielege rammer. Dette er ei gruppe som har auka i omfang, og som stadig veks ifølgje Folkehelseinstituttet (FHI)⁶¹.

Statped har utvikla eit verktøy for skulen kalla «Dei 7 H-ane», som skal hjelpe lærarar med å tydeleggjere informasjon og planleggje aktivitetar som støttar elevens behov i skulekvardagen.⁶² Dei 7 H-ane handlar om:

- **Kva** eleven skal gjere
- **Kor** eleven skal vere
- **Kvifor** eleven skal gjere det
- **Kven** eleven skal samarbeide med
- **Korleis** det skal gjerast
- **Kor lenge** det skal vare
- **Kva** eleven skal gjere etterpå

Behov for føreseielegheit og tydeleg kommunikasjon

Vi høyrer om elevar som må navigere mellom fleire digitale plattformer – som It's Learning, Teams, OneNote og Google med meir – i tillegg til timeplanen som ligg i Visma. Sjølv om timeplanen er tilgjengeleg, er det ikkje alltid informasjon om innhaldet i timane er lett å finne.

Erfaringar delt med ombodet viser at dokumenterte behov for tilpassing og tilrettelegging ikkje alltid blir teke omsyn til inn i undervisninga. Dette kan føre til utryggleik og manglande meistring hos elevane og bidra til å skape store utfordringar for dei.

Sitat frå elev:

«Det som er problemet er den tomme ruta på planen, kor du ikkje veit kva læraren finn på. Då veit eg ikkje om eg klarer å være med på det som skjer i undervisninga. Om eg klarar å gå dit er det vanskeleg å sei ifrå om eventuelle problem i full klasse liksom. Då vert det så synleg at eg er annleis. Eg kjenner at eg berre er til bry og læraren må eventuelt endra på sitt opplegg. Det kjennest heilt umogleg. Då strekker eg meg heller for langt og vert sjuk i etterkant. Når nokre lærarar også forsvarar den tomme ruta på planen, så føler du i alle fall at det er du som er problemet».

For nokre av elevane er det avgjerande å få hjelp med transport for å kome seg til skulen. Dette kan også gjelde elevar med behov for høg grad av føreseielegheit.

Sitat frå elev:

"Rådgjevar belærte meg om nedtrapping av skyss-tiltak utan kunnskap om diagnosen som låg til grunn for søknaden min. Det var rådgjevar som snakka med Skyss under behandlinga av søknaden om fast sjåfør. Skyss tok ikkje kontakt med meg før dei gav avslag på søknaden."

⁶¹ [Andelen barn med autisme aukar i Noreg, og det er store fylkesvise forskjellar - FHI](#)

⁶² [7 H-ene -pedagogiske verktøy - Statped](#)

Å få innvilga drosje til skulen kan vere ei nødvendig løysing for nokon. Det å møte ein ny sjåfør kvar dag, og ikkje vite kva som møter ein kan bli meir enn nokre har føresetnad for å klare. Då klarer ein ikkje å ta imot tilbod om drosje. For elevar som er avhengige av klare rammer og oversikt, kan sjåførbyte skape store utfordringar og bidra til ei kjensle av å vere til bry, heller enn å bli inkludert og forstått.

Sitat frå elev:

"Er det slik at ein må utagera for å få åleine taxi med fast sjåfør? Ein kan vera like mykje til skade for seg sjølv og andre når ein innagerer."

Retten til å bli høyrd og å medverke gjeld i alle delar av skulen, og er eit viktig prinsipp for å kunne setje inn riktige tiltak. Når elevar blir lytta til, kan det vere ei sterk form for kommunikasjon som påverkar sjølvkjensla og opplevinga av å bli verdsett. Det kan også vere ein viktig kjelde til kunnskap om ein lyttar til den det gjeld. Å anerkjenne elevens stemme er avgjerande for å skape eit inkluderande og trygt læringsmiljø.

Nokre elevar får innvilga tilrettelegging med eigen assistent, koordinator eller pedagog. Dette skal bidra til å sikre at elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. I nokre tilfelle kan det virke som personen som koordinerer fungerer som ei trakt frå lærar til elev, utan at det blir formidla til lærar kva eleven treng for å delta i undervisninga. Dette kan skape eit brot i kommunikasjonen mellom faglærar og elev, som svekkjer moglegheita for heilskapleg tilrettelegging og tillitsfulle relasjonar, og kor eleven er naturleg integrert i fellesskapet.

Ein har opplevd at assistenten har overtatt mykje ansvar for eleven, og at lærar som har ansvar for både undervisning og vurdering, kjem litt på avstand. Denne utfordringa meiner vi krev merksemd i det vidare arbeidet.

Lærlingar og behov for openheit og tilrettelegging

Våre erfaringar viser at ein del lærlingar vel å ikkje informere arbeidsgjevar om eventuelle utfordringar eller behov for tilrettelegging i forkant av læretida. Dette kan skje av frykt for ikkje å få læreplass, eller at dei berre vil vere "vanlege". Først når situasjonen blir vanskeleg, og lærlingen strevar med å møte krava i arbeidslivet, kjem det fram at det ligg føre ei funksjonsnedsetjing.

Det er vår klare oppfatning at arbeidsgjevarar i stor grad ønskjer å bidra til at lærlingar med særskilde behov skal kunne fullføre opplæringa. Vi ser òg at rettleiingstenesta gir god informasjon om moglegheita for å søkje om fullføringsmidlar. Dette verkemiddelet har vist seg å vere eit viktig insentiv, og har hatt positiv effekt i fleire enkeltsaker vi har støtta i.

Overgang frå grunnskulen til vidaregåande og frå vidaregåande til høgare utdanning

Gjennom året har vi hatt sakar som gjeld elevar med nedsett funksjonsevne, som står i overgang frå ungdomsskulen til vidaregåande, og overgang frå vidaregåande til Universitet- og høgskolesektor. Det har vore elever og føresette som opplever at det er vanskeleg å finne

fram, og å få nødvendig hjelp. Det har mellom anna handla om fritak frå fag, dispensasjon frå fråværsreglane og ulik tolking av regelverk frå samordna opptak om inntak til UH-sektoren.

Ved inntak til ulike høgare studiar kan det vere ulike krav som blir stilt, og det er behov for tilrettelegging. Her er ein avhengig av at tilrettelegginga ikkje blir vurdert å vere ein fordel for kandidaten. Ei generell tilrettelegging for alle ville gjere at fleire kunne få føresetnad for å få delta.

Dei strukturell barrierane som denne gruppa møter, kjem gjerne på toppen av det å ha nedsett funksjonsevne. Totalbelastninga kan fort bli høg, både for eleven og dei føresette, som opplever at informasjon og utforming ikkje er tilgjengeleg.

HK-dir har utarbeidd ein rapport om studentar i høgare utdanning, med fokus på kva for barrierar personar med nedsett funksjonsevne møter. Rapporten viser også korleis utdanningsinstitusjonane arbeider med universell utforming og individuell tilrettelegging. Innhaldet i rapporten kan vere relevant for vidaregåande opplæring, og kan brukast som eit verktøy for å forstå og støtte elevar i overgangen frå vidaregåande skule til høgare utdanning.⁶³

Vi har vore i dialog med studentombodet ved Universitetet i Bergen om tilrettelegging, og ønskjer også å gjere politisk ansvarlege merksame på dette. Det som går igjen i fleire av sakene er at elevar og framtidige studentar ofte fell i mellom lovverk mellom utdanningsinstitusjonane, og opplever at det er vanskeleg å få hjelp. Ikkje er dei elevar og ikkje er det studentar.

Avslutningsvis ser vi at det er mykje god vilje i dei fleste samanhengar, men at barrierane menneske med nedsett funksjonsevne ofte møter, kan vere usynlege for dei som sjølv ikkje har kjent på dei.

Gjennomførte skulebesøk

Tema på skulebesøk har vore variert utifrå ønskje og behov på den enkelte skule og knytt opp til målsetning og mandat for elev- og lærlingomboda. Det har i hovudsak vore knytt til:

- Trygt og inkluderande skulemiljø
- Elevmedverknad - elevrådsskolering
- Førebuing på læretida
- Informasjon og førebyggjande arbeid for elevar på oppvekstfag. Dette har vi gjort i samarbeid med mobbeombod for barnehage- og grunnskule.

Skulebesøka er viktige for å være synleg, samt møte og lytte til elevane. Dei sit med viktig informasjon om det å være elev i skulen, og er ein viktig del av løysinga for eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø.

Hausten 2024 deltok vi også på digital skulemiljøkonferanse for dei vidaregåande skulene.

⁶³ [Kunnskap om studenter med funksjonsnedsettelse-Innledning | HK-dir](#)

Vi har gjennomført eit eller fleire besøk på følgjande skuler merka med kryss (x)

Amalie Skram vgs	X	Stend vgs	X
Arna vgs		Stord vgs	
Askøy vgs	X	Stryn vgs	X
Austevoll vgs		Tertnes vgs	
Austrheim vgs	X	Voss gymnas	X
Bergen Katedralskole + avd. Kyrre		Voss vgs	
Bømlø vgs		Årdal vgs	
Dale vgs	X	Årstad vgs	X
Eid vgs	X	Åsane vgs	X
Firda vgs	X		
Fitjar vgs	X	Privatskular	
Flora vgs	X	Akademiet Bergen FPG as	
Fusa vgs		Bergen Private Gymnas	
Fyllingsdalen vgs		Danielsen Intensivgymnas	
Førde vgs	X	Danielsen vgs	
Høyanger vgs	X	Framnes Kristne vgs	
Knarvik vgs	X	Hop vgs as	X
Kvam vgs		Kongshaug Musikkgympnas	
Kvinnherad vgs		Krokeide vgs	X
Laksevåg og Bergen Maritime vgs	X	Metis vgs as	
Langhaugen vgs		NTG - Bergen as	
Måløy vgs	X	Rudolf Steinerskolen i Bergen	
Nordahl Grieg vgs		St. Paul gymnas	
Odda vgs	X	Sygna vgs	
Olsvikåsen vgs	X		
Os Gymnas			
Os Vgs	X		
Osterøy vgs			
Sandsli vgs	X		
Slåtthaug vgs	X		
Sogn jord- og hagebruksskole			
Sogndal vgs	X		
Sotra vgs			

Bilete frå ombodet sitt arbeid i 2024/2025



(Bilde: Fylkesdirektør Rune Haugsdal står framfor verdiskiltet «Kompetent», og saman med han står lærling i Vestland Iselin Ødegaard Aarbø framfor verdiskiltet «Modig». I mellom dei står verdiskiltet Open)



(Bilde: Ungdomsutvalet i Vestland fylkeskommune og elev- og lærlingombodet)



(Bilde: Miljøkoordinator og elev- og lærlingombod i lag med elevar ved Stend VGS)



(Bilde: Elev- og lærlingombod i lag med elevråd ved Flora VGS i samband med elevrådsskolering)



(Bilde: Elev- og lærlingombodet hos Opplæringskontoret for Fiskeri- og Havbruksfag i Måløy. På veggen bak personane heng bilete av personar i bransjen)



(Bilde: Elev- og lærlingombod i lag med rektor og tilsette i elevtenesta ved Måløy vgs.)



(Bilde av elev- og lærlingombodet ilag med to lærlingar, lærlingkoordinator og to personar frå Rettleiingstenesta til Vestland Fylkeskommune – informasjon til komande lærlingar ved Amalie Skram vgs.)



(Bilde: Elev- og lærlingombodet er på besøk hos Nordfjordkompaniet – står oppstilt føre plakat med teksten «superlærling»)



(Bilde: Ein fagleg leiar i Vestland Fylkeskommune i lag med yrkesfaglærar ved Krokeide VGS og elev- og lærlingombod – Tema på skjermen i bakgrunn er: Kva kan være lurt å tenke på før du går ut i lære)



(Bilde: Elevar ved Askøy VGS inviterte til foreldremøte for ei trygg russetid med trygge føresette. I lag med dei på scena står helsesjukepleiar, SLT-koordinatorar, miljøkoordinator, skuleleiing, politi, MOT og elev- og lærlingombodet)



(Bilde: Elev- og lærlingombod og rektor ved Høyanger VGS i samband med besøk av komande lærlingar og førebuing på læretida.)



(Bilde: Elev- og lærlingombodet er i møte og informerer leiarar for ulike opplæringskontor i Førde)



(Bilde: Elev- og lærlingombodet informerer om rettar og plikter til lærlingar hos Fagopplæring Elektro i Førde)



(Bilde: Elev- og lærlingombod i lag med elevrådsrepresentantar og miljøkoordinator ved Fitjar VGS)



(Bilde: Fagdag og førebuing på læretida for elever og tilsette ved Os VGS. Lærling, lærlingkoordinator og elev- og lærlingombod står på scena i lag.



(Bilde: Elev- og lærlingombodet og mobbeombodet i Vestland i lag med styret i Elevorganisasjonen i Norge i forbindelse med deltaking på verdskonferansen mot mobbing i Stavanger 2025 – WABF 25)

Dialog og samarbeid

Gjennom året har vi også hatt møte/kommunikasjon med følgjande:

- Hovudutval for opplæring og kompetanse v/leiar og nestleiar
 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) v/leiar og nestleiar
 - Klagenemnda – presentasjon av elev- og lærlingombodets erfaringar
 - Avdeling for opplæring og kompetanse
 - Elevorganisasjonen (EO)
 - Ungdomsutvalet i Vestland fylkeskommune
 - Ombodskollegaer i dei andre fylka i Noreg
 - Læringsmiljøsenteret i Stavanger – fagleg oppfølging og utvikling
 - Statsforvaltaren i Vestland
 - HELT MED
 - Nasjonal gruppe for inkluderande avgangsmarkering
 - Gatemeklaren
 - MOT Askøy
 - Ulike opplæringskontor innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram
 - Barnekoordinatorane i Bergen Kommune
-
- Invitasjon og informasjon til Bergen Kommune - Utval for barnehage, skule og idrett. Tema var betydinga av kvalitet i karrierelæringa for ungdom med vekt på kva OECD rapporten synte om langsiktige konsekvensar for ungdomane. Ombodet uttrykte ønske om at funna frå rapporten og kvalitetsrammeverket for karrierelæring må trekkjast inn i arbeidet med karrierelæring i ungdomsskolereformen til Bergen Kommunes.

Ungdomsutvalet og Elevorganisasjonen (EO) i Vestland er viktige samarbeidsorgan for oss.

Dei representerer elevane og lærlingane og har med seg viktige kunnskap om det å vere ung som vi er opptekne av å lytte til. Viktige tema vi har diskutert i møte med EO Vestland er:

- Arbeidet med trygge og gode skulemiljø
- Medverknad i skulen

Møte med områdeleiarane – Dei viktigaste tema vi har diskutert er:

- Elevmedverknad og elevrådsskolering
- Gratisprinsippet
- Eleven sitt beste
- Skulemiljø – Opplæringslovas kapittel 12 - aktivitetsplikt og undersøkingar

Deltaking i Høyringar og prosjektarbeid

- VLFKs høyring om Fråværsreglement
- NOU 2024:20 - Det digitale (i) livet
- Vi har også delteke i prosjektgruppa - Vestland Fylkeskommune som rasismefri sone
- Elev og lærlingombodet i Vestland er representert i arbeidsgruppe for koordinering av høyringar i det nasjonale nettverk for elev,- lærling og mobbeombod.

Prioriterte områder komande skuleår

Med utgangspunkt i regional utviklingsplan, mandat og mål , ombodet sine erfaringar, elevundersøkinga og lærlingundersøkinga, har vi vald å fortsette å prioritert følgjande område for komande skuleår:

Å vere aktiv og synlege ut på skulane

- Delta på læringsamlingar
- Dialog med elevar og lærlingar om seksuell trakassering
- Pådrivar for at elevar og lærlingar skal få oppfylt rettane, og kjenne til pliktane sine, etter ny opplæringslov, og spesielt
 - Retten til eit trygt og godt skule- og læremiljø⁶⁴
 - Retten til å bli høyrd og medverke⁶⁵ & ⁶⁶
 - Elevens beste vurderingar⁶⁷
 - Elevar og lærlingar skal få oppfylt retten sin til rådgiving

På vegne av oss to elev- og lærlingomboda i Vestland nyttar vi høvet til å takke alle involverte partar i vidaregåande skule og lærebedrift for eit godt og konstruktivt samarbeid skuleåret 2024/2025.


Bergen 20.august 2025

⁶⁴ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§12-2>

⁶⁵ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-2>

⁶⁶ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§1-3>

⁶⁷ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-1>



vestlandfylke.no